


PLANSTRATEGI

FOR OSTERØY KOMMUNE

2016 - 2020



KOMMUNAL PLANSTRATEGI I PLANSYSTEMET



Innhold

KOMMUNAL PLANSTRATEGI I PLANSYSTEMET	2
INNLEIING	5
FØREMÅL	7
JURIDISK VERKNAD	7
OMFANG	7
Prosess og organisering	8
Samarbeid i regionen	8
Kronologisk framdrift i prosessen	9
OSTERØY KOMMUNE SITT PLANSYSTEM	10
Planhierarki i Osterøy	10
Vedtekne planar i Osterøy pr februar 2016	11
Erfaringar med gjeldande kommuneplan	12
Samfunnsdel (KPS)	12
Vurdering	13
Areal (KPA)	13
Vurdering	13
Utviklingstrekk og utfordringar	14
RAMMER FOR UTVIKLING	14
Kommunal tenesteyting og forvaltning	14
Folketalsutvikling, samansetting og busetting	15
Levekår og folkehelse	16
Oppvekst og utdanning	18
Verdiskaping	19
Klima, miljø og energi	20
Areal	22
Vurdering kommunen sitt plansystem	26
Oppbygging av kommunen sitt plansystem:	26
Eksempel på konkretisering av kommuneplanen:	26
Status for planarbeid frå førre planstrategiperiode	28
Prioriterte planoppgåver 2016 -2020	30
Overordna risiko- og sårbaranalyse – KommuneROS	30
Kommuneplanen sin samfunnsdel	30
Kommuneplanen sin arealdel	30

Områderegulering av Valestrand, Lonevåg, Haus og Åsheim	31
Kommunedelplan for sjø- og strandsona	31
Kommunedelplan for oppvekst	31
Kommunedelplan for avløp	31
Kommunedelplan for transport	31
Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet	31
Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial	32
Kommunedelplan for klima og energi	32
Skjematisk oversikt over prioriterte oppgaver 2016 - 2020	32
Overordna føringar for kommunen si planlegging	35
Nasjonale forventningar	35
Regionale føringar	35

INNLEIING

Osterøy kommune har ambisjon om å oppretthalde eit planverk som evnar å sikre samfunnet velferd, næringsutvikling, arbeidsplassar og gode lokalsamfunn for framtida.

Dei viktigaste fokusområda for framtidig samfunnsutvikling kan oppsummerast i 5 punkt:

- 1) DEMOGRAFI
- 2) VELFERD
- 3) VERDISKAPING
- 4) ATTRAKTIVE LOKALSAMFUNN
- 5) BEREKRAFTIG UTVIKLING

Desse fem legg føringane for kommunen si utvikling på alle felt. Under er bakgrunnen for dette kort skildra:

- 1) **Demografien** tek for seg folketalsutviklinga. Endringa i folkeauke bestemmer kor mange barnehageplassar, grunnskule- og ungdomsskuleplassar ein treng, kor mange som er i yrkesaktiv alder og med dette kan betale skatt, og kor mange som er eldre og kan ha trong for eit helsetilbod. Endring i folketal og alderssamansetning gjer rammene for mellom anna velferd og verdiskaping.
- 2) Med **velferd** meiner ein det offentlege velferdstilbodet som kommunen skal sikra innbyggjarane sine gjennom heile livsløpet og den generelle folkehelsa. Færre personar i yrkesaktiv alder som kan betale skatt, fleire eldre som treng ulike velferdstilbod og generelt større utgifter til velferd gjer at det i framtida vil vera ein utfordring å oppretthalde eit velferdstilbod. I tillegg vil det vera utfordringar knytt til folkehelse.
- 3) **Verdiskaping** femner om alt som omhandlar næringsutvikling, arbeidsplassar og liknande. Verdiskaping heng saman med tilgong til arbeidskraft, kompetanse og utdanning, næringsareal og attraktivitet for etablering av nye næringar.
- 4) **Attraktive lokalsamfunn** er her nytta om kvalitetar i lokalsamfunn som til dømes gode bustadområde, lokalt organisasjonsliv, identitet og omdøme, kulturtilbod, tilgong til friluftssareal og eit offentleg og privat tilbod av handel og tenester. Attraktive lokalsamfunn fører til at innbyggjarane flyttar til og buset seg her, som opprettheld og gir auke i folketal.
- 5) **Berekraftig utvikling** femner om sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Definisjonen på berekraft er å sikre ei utvikling som ikkje hindrar framtidige generasjonar si utvikling. Utfordringar knytt til utvikling av grønne næringar som kan erstatte fossil økonomi og utvikling av miljøvennlege transportsystem som ikkje bidreg til auke i utslepp av klimagassar er sentrale her.

Dei globale miljøutfordringane og endring i dei økonomiske føresetnadane i Noreg krev ei omstilling til eit samfunn der vekst og utvikling skjer innanfor naturen si tålegrense. Heile samfunnet må inn i ein økonomisk og miljømessig omstilling. Nye utfordringar krev nye løysingar. Kommunen må sikre rammevilkår som legg opp til ei framtidsretta næringsutvikling, robust infrastruktur og ei bærekraftig forvaltning av natur- og arealressursar.

Gjennom å vurdera ulike sider av samfunnet kan ein få indikasjonar på omstillingsevne. Låg arbeidsløyse, å vere del av ein stor arbeidsmarknad med god variasjon i regionen gjer at kommunesamfunnet på desse områda har stor omstillingsevne. Kommunen har generelt eit lågt utdanningsnivå i befolkninga og næringslivet er konkurranseutsett. Dette gir negativt utslag i høve til omstillingsevne.

Desse faktorane dannar bakteppet for kommunen sin planstrategi.

Ein har i planstrategien for komande periode teke med seg informasjon, kunnskap og tankar frå prosessen med Kommuneplanen sin samfunnsdel samt frå prosessen med kommunereform som kommunen er inne i.

Dette arbeidet har bidratt til eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag i høve til utfordringar og venta ressurstillgang i dei næraste åra. Det har blitt tydeleg at å vere ein middels stor kommune vil gi avgrensa ressurstillgang og større belastning ved produksjon av lovpålagt tenester, til tross for at vi er del av ein stor arbeids- og verdiskapingsmarknad i regionen. Med denne tydelege kunnskapen kan godt planarbeid verte enda viktigare for å sikre kommunen gode styringsverktøy for å kunne stå samla i mål og retning med tilgjengelege ressursar.

Med gode planprosessar og planar kan ein sikre kvalitet og retning i utviklinga av kommunen og samfunnet.

Rådmannen

FØREMÅL

Planstrategi er ikkje ein plantype, men eit hjelpemiddel for klargjere kva for planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for positiv utvikling. Planstrategien skal peika på utfordringar som skal løysast gjennom revidering av eksisterande planar eller utarbeiding av nye i inneverande heradstyreperiode. Planstrategien vil og kunne gje grunnlag for å vurdere om einskilde planar skal opphevast.

Den bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knyt til samfunnsutvikling, herunder langsiktig bruk av areal, miljøutfordringar og sektorane si verksemd. Den bør vidare omfatte ei vurdering av kommunen sitt samla planbehov i perioden. Heradstyret skal ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller deler av den skal reviderast eller vidareførast utan endringar.

JURIDISK VERKNAD

Kommunen kan revidere planstrategien i løpet av perioden etter behov. Planstrategien er ikkje formelt bindande for kommunen, og kan fråvikast dersom det vert vurdert naudsynt. Det er ikkje krav til same høyring og offentleg ettersyn som planar utarbeida etter plan- og bygningslova. Ein har plikt til å innhente synspunkt frå statlege, regionale organ og nabokommunar. Forslag til planstrategi skal offentleggjerast minimum 30 dagar før endeleg handsaming i heradstyret. Planstrategien vert vedteken av heradstyret og kan ikkje påklagast eller fremjast motsegn til.

OMFANG

Innhaldet og omfanget av arbeidet er det i stor grad opp til den enkelte kommune å avgjere ut frå konkret plansituasjon og planbehov. For Osterøy kommune har ein i starten av arbeidet gjennomført ei kartlegging av gjeldande planverk og strategiar i kommunen, oppdatert informasjon om planarbeid i høve gjeldande planstrategi, og gjennomført ei kartlegging og kunnskapsinnhenting i høve til status og utfordringar i kommunesamfunnet.

Den innhenta informasjonen dannar grunnlaget for framlegg til kommunal planstrategi. Ein har sett på sentrale fokusområde og prioritert av planoppgåver i høve til desse.

Det var ønskjeleg at ein i prosessen drøfta kommunen sitt plansystem og planhierarki og om val av plantype, plannivå og prosess for dei ulike område og tema. Desse drøftingane er ikkje konkludert i løpet av arbeidet. Det vil vere hensiktsmessig å få klare rammer for kva planar som skal ha status som kommunedelplan, temaplan, handlingsplan eller reint administrative verksemdsplanar. Vidare er det ønskjeleg å få fastsett kva prosessar og organisering dei ulike plantypene skal ha. Dette vil vere med på tidleg å avklare forventningar til planarbeid og planane og det vil vere enklare å sikre målstyring.

PROSESS OG ORGANISERING

Formannskapet er styringsgruppe for arbeidet. Forarbeidet til planstrategien er utarbeida av strategisk leiargruppe som har vore prosjektgruppe for arbeidet. Dei ulike fagområda er representert i planarbeidet gjennom arbeidsmøte. Prosjektleiing ligg til planavdelinga.

Innhenta informasjon og kunnskap om utfordringar og behov er innarbeida i planstrategien og ligg til grunn for vurderingar og prioriteringar.

Ved politisk handsaming av oppstart av arbeidet med planstrategien var det skildra ein noko meir omfattande prosess enn ein har klart å følgje opp. Særleg gjeld dette bruken av arbeidsmøter med fageiningane i kommunen som kunne vert meir omfattande, samt drøfting undervegs i prosessen med Formannskapet i høve til utfordringar og kunnskapsgrunnlag. Dette har delvis årsak i prioritering av ressursar til saka om kommunereform. Ettersom vurdering av kommunestruktur og saksomfanget knytt til kunnskapsgrunnlaget i denne saka er svært relevant vurderer ein i ettertid at dette har bidratt positivt til prosessen for kommunal planstrategi, sjølv om ein ikkje har klart å følgje full prosess som planlagt.

Innleiingsvis var det ambisjon om å få drøfta plansystemet i kommunen i løpet av prosessen. Desse diskusjonane påbyrja i strategisk leiargruppe men drøftingane er ikkje fullført eller konkludert. Ein har heller ikkje i løpet av prosessen fått sett på alle gjeldande planar for å evaluere og vurdere oppheving/ utfasing. Det er naturleg å vurdere dette i samband med pågåande og oppstart av planarbeid i planperioden.

I arbeidet har ein fokusert mest på kunnskapsinnhenting, drøfting av dette og prioritering av oppgåver for komande planperiode.

Samarbeid i regionen

Det har vore mindre samarbeid i regionen i perioden med utarbeiding av ny planstrategi samanlikna med førre runde. Planseksjonen har vore på eit møte initiert av fylkeskommunen for å snakke om dei parallelle prosessane. Sist gang kommunane og fylkeskommunen utarbeida sine planstrategiar var dette eit nytt verkty og ukjend prosess. Denne gangen har kommunane erfaring med oppgåva og dette kan vere litt av bakgrunnen for at der har vore færre møtepunkt.


Av interkommunalt plansamarbeid vart Regional helse og omsorgsplan for Nordhordaland, Forvaltningsplan for vassregion Voss-Osterfjorden og Strategiplan for IKT-Nordhordaland utarbeida i inneverande periode. Pr dd er der pågåande planarbeid for Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordlandsregion.

Kronologisk framdrift i prosessen

Kva	Kven	Tidsrom
Innhenting av informasjon og statusoppdatering i høve til framdrift planarbeid jamfør gjeldande Planstrategi.	Plan /alle	H2015
Kartlegging av gjeldande planar / planverk	Plan / alle	VV2015-16
Formell oppstart <ul style="list-style-type: none"> • Vedtak av organisering • Orientering prosess / framdrift • Orientering planverk ++ 	Formannskapet / Heradstyret	FS 16.03.16 HS 20.04.16
Arbeidsmøte med fageiningar – informasjonssinnhenting, drøfting og kvalitetssikring til utfordringsdokument	Plan koordinerer arbeidet, organisasjonen bidrar med kompetanse	april
Ferdigstilling utfordringsdokument	Plan	mai
Prioritering planarbeid og (noko) evaluering av planar	Prosjektgruppe	mai
Utkast til planstrategi	Planavd + prosjektgr	April / mai
Vedtak om høyring	Formannskap - Heradstyret	FS 08.06.16 HS 22.06.16
Endeleg vedtak	Formannskap - Heradstyret	FS 07.09 HS 05.10

OSTERØY KOMMUNE SITT PLANSYSTEM

Planhierarki i Osterøy



Vedtekne planar i Osterøy pr februar 2016

KOMMUNAL PLANSTRATEGI	
INTERKOMMUNALE PLANAR IKT-strategiplan Interkommunal Helse og omsorgsplan 2014-2017 Geodataplan for Nordhordaland og Gulen 2006-2009 Nærings- og samfunnsplan NH (pågåande)	
STRATEGISKE STYRINGSMÅL	
<ul style="list-style-type: none"> • Arealstrategiar vedteke til grunn for arealplan • Verdiar i organisasjonsplan 	
BEREDSKAPSPLAN - 2012 / pågåande	KOMMUNE ROS - ingen / pågåande
KOMMUNEPLAN	
AREALDEL 2011	SAMFUNNSDEL 2003 / pågåande
ØKONOMIPLAN	
ÅRSPLAN / BUDSJETT	
KOMMUNEDELPLAN – AREAL <ul style="list-style-type: none"> • KDP Riksveg Hauge – Lonevåg • KDP Kystsona • KDP Fv 341 Tyssebotn – Kallestadsundet • KDP Hauge 2006-2018 	KOMMUNEDELPLAN – TEMATISK <ul style="list-style-type: none"> • KDP Bibliotek • KDP Spesialpedagogiske tiltak • KDP for avløp 1998-2007 • KDP barnehage • KDP Landbruk 2006- 2009 • KDP Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2008-2019 • KDP Klima og energi • KDP Helse omsorg • KDP Vassforsyning 2013-2024 • KDP Oppvekst (pågåande) • KDP Kulturminner (pågåande)
OMÅDEREGULERING / DETALJREGULERING Sjå planregister; http://braplan.geoweb.no/braplan/	TEMA- OG HANDLINGSPLANAR <ul style="list-style-type: none"> • Slamplan for Osterøy • Eldremelding – handlingsplan 1998-2001 • Risikokartlegging av brannberedskap • Overordna kriseplan for Osterøy kommune • Plan for helse- og sosial beredskap i Osterøy kommune • Bibliotekplan for Osterøy kommune 2007 – 2011 • Plan for psykisk helsevern 2007 -2010 • Plan for habilitering og rehabilitering • Bustadsosial handlingsplan • Ruspolitisk handlingsplan • Smitteverneplan for Osterøy kommune • Temaplan Psykisk Helse og rus • Trafikksikringsplan for Osterøy kommune

	2016-2020
Disposisjonsplanar for hyttefelt <ul style="list-style-type: none"> • Hyttefelt Vassdal • Hyttefelt Seilen • Hyttefelt Kleppe • Hyttefelt Hartveit 	VERKSEMDS, DRIFTS-, STRATEGIPLAN <ul style="list-style-type: none"> • Administrativ Organisasjonsplan for kommuneorganisasjon • Personalpolitisk plan • Lønspolitisk plan • Lønsutviklingsplan • Seniorpolitiskplan • Arkivplan • Beredskapsplan vannverk • Brannordning • Plan for familiens hus • Kvalitetsutviklingsplan (skule) • Kompetansehevingsplan (") • Kvalitetsvurdering i grunnskulen • Verksemdsplaner (alle skulane) • Årsplanar (alle barnehagane)
	ANDRE PLANAR, MELDINGAR, NOTAT mm. <ul style="list-style-type: none"> • Tiltaksplan for skogbruket 1993-2003 • Driftsplan for Loneelva • Forvaltingsplan for Havrå Kulturmiljø 2004-2007 • Energiutgreiing for Osterøy kommune, rullering 2005 • Risikokartlegging av brannberedskap • Naturtypar i Osterøy • Viltet på Osterøy • Retningslinjer for byggeskikk og estetikk • Skulebruksplan-notat • Kulturskulen – notat • Driftsplan kommunale bygg

ERFARINGAR MED GJELDANDE KOMMUNEPLAN

Kommuneplanen er kommunen sin overordna, langsiktige plan. Den skal omfatte både ein samfunnsdel og ein arealdel.

Samfunnsdel (KPS)

Ny samfunnsplan er under utarbeiding. Planprogram er vedteke. Ei god utvikling av Osterøy er eit samarbeidsprosjekt mellom innbyggjarar, frivillige organisasjonar, bedrifter, tilsette i kommunen, politikarar og andre samfunnsaktørar. Målet for planarbeidet er å finne fram til kva som vil vere ei god utvikling for Osterøy fram mot 2030.

Hovudtema i vedteke planprogram (HS026/15) som er førande for det vidare planarbeidet er:

- Møte mellom fortid og framtid

- Klimaendringar
- Eit berekraftig samfunn
- God folkehelse for alle
- Eit trygt samfunn

Gjeldande samfunnsplan er frå 2003. Overordna visjonar frå denne lista opp:

- Osterøy skal vere ein god kommune å veksa opp i der innbyggjarane i alle fasar vert sikra høg livskvalitet og gode bumiljø.
- Osterøy kommune skal ta vare på og vidareutvikle sin særprega nærings- og busetnadstruktur
- Osterøy skal vera ein føregangskommune når det gjeld tenesteyting, økonomisk forvaltning og kommunikasjon i ein desentralisert struktur.

Vidare definera planen frå 2003 strategiar og mål innanfor fylgjande tema:

- senterstruktur,
- bustadreising
- kommunikasjonar
- barn og unge
- økonomi

Vurdering

- som politisk verktøy:

- som administrativt verktøy:

- problematisk med ein visjon som vektlegg desentralisering i ei tid der det vert i stor grad jobba meir sentralisert
- visjon og mål er utdatert t.d innanfor barnehage

Arealdel (KPA)

Vedteken i 2011 etter rullering på tema bustad, fritidsbustad og næring.

Vedteke arealstrategiar tidleg i prosessen for denne.

Kommunedelplan for Sjø- og strandsone (vedtak om høyring februar 2016) dekker heile kommunen sitt areal men kun strandsona som er opna for innspel/ revurdering arealbruk.

Vurdering

- som politisk verktøy:

- som administrativt verktøy:

- det er gått meir enn 4år sidan vedtak av arealdelen som medfører at Heradstyret ikkje lengre kan delegere vedtak av mindre detaljreguleringar. Dvs at alle reguleringsplanar skal til endeleg vedtak i Heradstyret inntil KPA er vedteken på ny.
- nokre tekniske feil i kartet. Prosess for feilretting i samband med Kommunedelplan for Sjø- og strandsone.

- Bør vurdere meir tenelege løysingar for eksisterande bustadeigedomar i LNF for å redusere antal dispensasjonar i tilfeller der ein ikkje er i konflikt med LNF interesser eller andre viktige omsyn.
- Behov for rydding i avsett areal/føremål som ikkje er teke i bruk for å fristille byggeareal i områder under press
- Behov for å vurdere areal til idrettsanlegg, skule, barnehage, anna privat og offentleg tenesteyting.
- I gang med prosess for oppdatering av arealbruk i strandsona i Sjø- og strandsonenplanen. Dette har vore eit stort behov for forvaltning av strandsona.
- Arealfeste trasè for vassforsyning jf. Kommunedelplan for vassforsyning for å redusere tal på dispensasjonar for naudsynte tiltak i tilknytning til denne.

UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR

RAMMER FOR UTVIKLING

- Folketalsutvikling /Prognosar demografi
- Verdiskaping og sysselsetting
- Tilgjengelege ressursar, herunder økonomiske-, areal, sosiale-, natur- og miljøressursar.
- Krav til tenesteproduksjon og omfang

Kommunal tenesteyting og forvaltning

Oranisasjonen i Osterøy kommune er delt i stabsfunksjonar og dei tre sektorane *Oppvekst, undervisning og kultur, Helse, omsorg og sosial og Miljø og teknikk*. Til rettleiing i det daglege arbeidet for den einskilde tilsette, både med tanke på samhandling med andre tilsette, innbyggjarane og andre aktørar har organisasjonen samla seg om ein overordna visjon og fire verdiar fastsett i administrativ organisasjonsplan:

Visjon: Saman om gode tenester

Verdiar: Respekt, omsorg, tydeleg, ærleg

Det er naturleg ved skifte av den øvste leiaren i administrasjonen å revidere organisasjonsplanen.

I 2015 vart det oppretta ei ny eining innan rådmannen sin stab, Eining for integrering og bustad. Den nye eininga skal mellom anna arbeide med å nå målsettingane om busetting av flyktingar, strategisk og prosjektbasert arbeid med å få på plass ein fleksibel kommunal bustadportefølje som kan dekke kommunen sitt behov som tenesteleverandør. Koordinering av frivillig arbeid i tilknytning til kommunen skal også ligge til denne eininga.

Vidare er det behov for å få på plass Arbeidsgjevarstrategi/HR-strategi, rekrutteringsstrategi, overordna kompetanseplan, overordna HMS/HMT plan og streikeberedsskapsplan.

Relasjon til plan - Kommunal tenesteyting og forvaltning:

Organisasjonsplan fastset verdier og mål for organisasjonen. Økonomiplan 2012-2015 har vore eit viktig strategisk dokument for organisasjonen i mangel på ein oppdatert Samfunnsplan. Utover dette har kommunen fleire planar som er styrande for drift og forvaltning innan dei ulike tenestene.

Behov for plan:

- Kommunen treng ein overordna, strategisk plan som fastset rammene for ønska utvikling. Dette skal løystast ved utarbeiding av Samfunnsplanen. Denne vil fastsette strategiske og langsiktige mål som vil danne grunnlag for anna planarbeid.
- Organisasjonsplan (revisjon)
- Arbeidsgjevarstrategi
- Rekrutteringsstrategi
- Overordna kompetanseplan
- Overordna HMS/HMT
- Revisjon av Bustadsosial handlingsplan.
- Frivilligheitsstrategi
- Forvaltningsplan for hjortevilt (under arbeid)
- Smittevernplan
- Arkivplan
- Strategiplan for SMIL
- Vedlikehald kommunale bygg og kommunale vegar
- Retningslinjer for utforming av prosjekt i utbyggingssaker som private planar og byggesaker. Retningslinjene kan sette overordna føringar for estetikk, byggeskikk, leikeareal, overvasshandsaming, universell tilpassing, naturmangfald, mm. Dette vil kunne være eit godt verkty for å sikre kvalitet og likehandsaming i plan og byggesaker. Slike retingslinjer kan vere nyttig også for utbyggarar, utførande, tiltakshavarar, prosjekterande osv. Dette vil gjelde også i saker der kommunen sjølv er utbyggar. Ein må vurdere om retingslinjene skal stå for seg sjølv eller innarbeidast i kommuneplanen sin arealdel.

Folketalsutvikling, samansetting og busetting

SAMMANDRAG

- **Venta folkevekst i kommunen med omtrent 1,5% i året til 2035**
- **Folkeveksten er størst i dei sentrale bygdene Lonevåg, Valestrand og Hauge**
- **Negativ folkevekst i utkantane**
- **Venta nedgang i andelen personar i yrkesaktiv alder, venta auke i personar under 19 år og over 67 år i tida fram til 2035**
- **Folkeveksten på bakgrunn av eit positivt fødselsoverskot og innflytting, sistnemnde står for hovuddelen.**
- **Tilflytting hovudsakleg frå Bergen kommune og frå utlandet.**
- **82% av innvandring kjem frå Europa, hovudsakleg frå Polen og Litauen.**

Folketalsutviklinga i kommunen syner ei gjennomsnittleg vekst på 0,9 % pr år sidan 2007. Framskrivningane for kommunen syner ein fortsatt vekst til 2035, med ein auke på 2604 (ssb)/3230 (hfk) innbyggjarar. Telemarksforskning v/ Knut Vareide synte til analyser som fastset at befolkningsveksten vil ligge rundt eit minimum på 8400 peronar og ei maksimum mogleg folketalsauke avgrensa til 9560 innan år 2030 (jamfør presentasjon på seminar i samband med samfunnsplanen 25.05.16). Altså er framskrivningane til fylkeskommunen og SSB noko urealistiske i følge desse analysane.

Folkeauken kjem hovudsakleg frå arbeidsinnvandring og innanlandsflytting. 60% av innflyttarar frå utlandet kjem frå Polen eller Litauen. Mengda arbeidsinnvandrarar er sterkt varierende og varierar i takt med endra konjunktur i Europa. Arbeidsinnvandring gjer utfordringar innan utdanning og sysselsetting.

Veksten i folketal er ujamnt fordelt i kommunen. Generelt er det vekst i områdesentra og kommunesenteret. Størst vekst er det i Valestrand, Hauge og Lonevåg. I dei områda som ligg lengst vekk frå kommunesenteret er det nedgang i folketalet.

Grunna folkeveksten som er venta vil talet på innbyggjarar som treng kommunale tenester auke. Dette gjeld innan barnehage, skule og helsetenester for born og ungdom. Aldergruppa med størst auke er eldre over 67 år. Samstundes vil dei komunale inntektene gjennom skatt gå ned grunna nedgong i gruppa for arbeidsfør alder.

Relasjon til plan - Folketalsutvikling, samansetting og busetting:

Vedtekne arealstrategi i kommuneplanen legg opp til moderat vekst på 0,75%

Behov for plan:

Kommunen treng ein overordna, strategisk plan som fastset rammene for ønska utvikling. Dette skal løystast ved utarbeiding av Samfunnsplanen. Denne vil fastsette strategiske og langsiktige mål som vil danne grunnlag for anna planarbeid.

Levekår og folkehelse

SAMMANDRAG

- **Livstilsjukdomar knytt til levesett dominerar sjukdomsbilete i kommunen**
- **Fysisk aktivitet er svært viktig som førebygging**
- **Talet på personar som slit med rus og psykiatriske problem aukar**

Folkehelse

Generelt har Osterøy kommune ein del faktorar som kan gjere at ein er meir sårbar for negativ folkehelseutvikling enn andre kommunar i Hordaland. Desse faktorane er; høgare tal innbyggjarar med grunnskule som høgste fullførte utdanningsnivå, høgare del av befolkning med låg inntekt, demografiske utfordringar, tal røykarar, lesedugleik, mobbing i skulen og samferdsel. Osterøy har og mange faktorar som er positive i ei folkehelseutvikling; Nedgang i tal arbeidslause, eit rikt organisasjonsliv, flott natur og god luftkvalitet, få åleinebuande og auking i folketal.

Dei mest markerte utfordringane for helsa til innbyggjarane i Osterøy kommune er:

- Muskel- og skjelettsjukdomar
- Overvekt
- Kols
- Aukande bruk av hjerte – kar medisin og kolesterolsenkande midlar
- Aukande tal personar med psykiske vanskar

Alle desse fell inn i kategorien livsstilssjukdomar. Dei er eit resultat av korleis innbyggjarane på Osterøy vel å leva liva sine. Det som er positivt med desse problemstillingane er at det i stor grad kan gjerast noko med gjennom målretta førebygging og planlegging.

Mange av desse faktorane kan gjerast noko med gjennom fysisk aktivitet. Det er grunn til å tru at innbyggjarane på Osterøy i likhet med resten av landet er i for lite fysisk aktivitet. Dette til tross for at 76 prosent av dei minst aktive seier dei ynskjer å drive meir regelmessig fysisk aktivitet, men slit med å omsetje desse ønska til jamlege kvardagsaktivitetar (Kjelde: SSB). Der er ikkje tilgjengleg statistikk for Osterøy kommune.

Ein føresetnad for aktivitet er arena for aktivitetar. I eit folkehelseperspektiv er det viktig å få flest mogleg i aktivitet både sosialt og fysisk. Arenaer både for organisert og uorganisert aktivitet er viktige å bygge opp under og utvikle.

Rus og psykiatri

Ved utgangen av 2011 hadde rusomsorga ei brukargruppe på om lag 30 personar med rusproblem og/eller psykososiale vanskar. Desse kjem i tillegg til dei om lag 80 brukarane som allereie tek i mot tenester frå psykiatritenesta. Av desse 80 har fleire rus som eit tilleggsproblem. Talet på brukarar har dei siste åra vore aukande.

I følgje Familiens hus er det auke i behandlinga av psykiatri og rus lokalt. I høve til innleggingar ligg me under snittet for Hordaland og landet og jamt med samanliknbare kommunar, men ein ser og at legemiddelbruk mot psykiske lidingar har auka noko (FHI 2012).

Psykisk helse og rus er eit område med mange skjulte, samansette og tilliggande utfordringar og problemstillingar. Det er viktig å forsøke å få oversikt over bredde og overlappingar i ansvarsområde.

Levekår og folkehelse - relasjon til plan:

Folkehelse er eit tema det er viktig å ta med seg i all verksemd og planlegging. Planprogrammet til Samfunnsplanen skildrar og peikar ut noko av problemstillingane knytt til både folkehelse og levekår. Eit trygt samfunn, mangfald og inkludering og god folkehelse er viktige tema for planarbeidet.

For Oppvekstplanen vil desse tema også vere viktige, men i dette planarbeidet vil det vere behov for å gå meir i dybden innafor tema oppvekst. I denne planen er det også viktig å få med seg dei faglege kryssingspunkta og dei overlappende områda for dei ulike sektorane. Tidleg innsats er eit viktig stikkord for oppvekstfeltet.

Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial er sjølvstakt viktig i høve til å vere budd på å handsame utfordringar og levere tenester med tilgjengelege ressursar på best mogleg vis.

Behov for plan:

Plan for integrering

Plan for habilitering og rehabilitering

Plan for psykisk helse, rus og tilknytt utfordringar

Eventuelle andre planbehov vil avdekkast gjennom arbeidet med Samfunnsplanen.

Oppvekst og utdanning

SAMMANDRAG OPPVEKST OG UTDANNING

- I 2025 vil det vera 212 fleire born i alderen 1-5 år.
- I 2035 vil det vera trong for 363 fleire barneskuleplassar enn det er i 2015.
- Dobling av talet frå 2001 til 2011 på born som treng tiltak etter handsaming av barnevernet.
- Fullføringsprosenten på vidaregåande skule i kommunen er på 91%, som er godt over landsgjennomsnittet.
- Andelen hushald med låg inntekt går ned men ligg godt under snitt for fylket.

Det er svært viktig å ha ei tverrfagleg og tverrsektoriell tilnærming til oppvekstområdet.

Det vil i aldersgruppene 0 til 15 år vera ei gradvis auke for alle gruppene. Dette gjer at kapasiteten på kommunale tenester for denne gruppa må aukast. Det er òg sannsynleg at det vil vere trong for å auke kapasiteten på andre tenester ut over tilgjengeleg kapasitet på barnehage og skule, til dømes helsesøster, PPT mm.

Barnevern har hatt ei jamn auke i talet på saker sidan 2001. Det er rimeleg å anta at dette talet vil auke.

Det er ein auke i talet på ungdom som slit med psykisk helse. Årsaken til dette er uklar. Det er eit spørsmål når ein skal setje inn tiltak og i kor stor grad kommunen skal gå inn med ressursar.

Osterøy har ein høgare del av mobbing enn Hordaland og landet elles. Mobbing kan setjast i samanheng med ei rekkje helseplager, og resultat frå tverssnittsundersøking og prospektive studier syner gjennomgåande ein klar samanheng mellom det å verta mobba og symptom på dårlig psykisk og somatisk helse.

Relasjon til plan - Oppvekst og utdanning:

Samfunnsplanen, KDP Oppvekst som er under utarbeiding.

Behov for plan:

- Overordna plan for lokalisering og arealbehov knytt til barnehage og barne- og ungdomsskule.
- Kommunen har ingen Næringsplan som kan koble utdanning til næringslivet og bygge opp lokal kompetanse og lokale kompetanseplassar.
- Kompetanseplan for organisasjonen.

Verdiskaping

SAMMANDRAG

- Rundt 34% av arbeidsstokken arbeidspendlar ut av kommunen og kommunen har stor negativ pendlingsbalanse.
- Ved utgongen av mars 2016 var det 3,2 % registrerte arbeidsledige i kommunen.
- Offentleg helse- og omsorg er største sysselsetjar (25%) med industri (24%) og bygg og anlegg (16%) som dei to nest største.
- Andelen aktive bruk har hatt ein jamn nedgang siste ti år parallelt med at sysselsettinga innan landbruksnæringa har gått ned.
- Reise- og kulturlivsnæringane er omtrent fråverande i Osterøy kommune.
- Osterøy kommune har i liten grad prioritert ressursar til kulturarbeid og nyttar vesentleg mindre på dette enn nabokommunane
- Bibliotek eit prioritert satsingsområde

Næringsliv og sysselsetting

I dag er det 68% sysselsett i private bedrifter og 31 % i offentlege verksemdar. Det er flest sysselsett innan helse og sosialtenester, industri og bygg og anleggsverksemd.

Buisness Region Bergen (BRB) er eit selskap som har arbeida primært med å tiltrekke verksemdar og bedrifter til regionen for å auke sysselsetting og verdiskaping. Selskapet har vert deleigd av fleire kommunar i Bergensregionen samt Hordaland fylkeskommune. Ettersom Bergen kommune går ut av samarbeidet betyr dette høgst sannsynleg at selskapet vert lagt ned.

Det er mange næringsområder som i dag er under utvikling i kommunen. Det største, Espevoll, er ikkje realisert. Det er eit stort potensiale for verdiskaping innan turisme og reiseliv i kommunen men det er i dag mangel på mellom anna overnattingstilbod eller aktivitetstilbod. Her er det mange små tiltak i dag men det er trong for ein overordna strategi for å sikre at kommunen kan utvikle denne delen av næringslivet sitt.

Det er trong for ei oppdatering av det kommunale planverket i høve til næring og verdiskaping. Arbeidet med samfunnsplanen skal leggja dei overordna føringane for korleis ein skal utvikle næringslivet og skapa verdiar i kommunen. Det er dette arbeidet som må ta stilling til trongen for ein eventuelt sjølvstendig plan om emnet eller om dei ulike tiltaka skal leggjast inn i tiltaksdelen til samfunnsplanen.

Samsundes kjem det klart fram at det innan privat sektor er hovudsakleg industri og bygg og anlegg som sysselset i kommunen. Det er få og ingen bedrifter ut over dette som sysselset personar med høgare utdanning.

Landbruk

Landbruksnæringa har hatt ein nedgang i talet på sysselsette og bedrifter. Denne næringa er i stor grad styrt av nasjonale føringar. Samstundes er tilgang på areal veldig viktig og dette styrer kommunen. Utvikling av landbruket bør vurderast i ein framtidig plan.

Sjølv om det er ei nedgang i talet på sysselsette så er produksjonen opprettholdt. Dette er grunna i at ein har fått større brukseiningar og ein meir effektiv produksjon.

Landbruket kan være særleg sårbar for klimaendringar. Dette kan få stor konsekvens for lokal matproduksjon og matvaretryggleiken. Høgare gjennomsnittstemperatur kan medføre auke i nedbør, tørkeperiodar i sommarhalvåret, auka tempo i gjenngroing av landskapet, stort skadeomfang i skogbruket og forproduksjon grunna td. nye virus, soppar, skadedyr osv.

Kulturliv

Ein god del av drift og etablering av anlegg til idrettslag vert drifta på dugnad. Det er sett av lite midlar i kommunen til kulturarbeid.

Det manglar ein overordna plan og ein konkret strategi for kulturarbeid. Samfunnsplanen skal vurdera rammene for korleis det skal jobbast med kultur i kommunen.

Relasjon til plan - Verdiskaping – Næringsliv, kulturliv og sysselsetting:

Kommuneplanen sin samfunnsdel.

Strategisk næringsplan (BRB).

Interkommunal nærings- og samfunnsplan for region Nordhordland under utarbeiding.

Kommunedelplan for landbruk

Behov for plan:

Kommunen treng ein overordna, strategisk plan som fastset rammene for ønska utvikling. Dette skal løystast ved utarbeiding av Samfunnsplanen som vil leggje føringar for næring og verdiskaping.

Vurdere behov for næringsplan og andre planar gjennom prosess eller etter vedtak av Samfunnsplan.

Klima, miljø og energi

Klima og klimaendring

Klimaomsyn legg viktige premisser for samfunnsutviklinga. Endringar i klimaet vil føre til ein større risiko for uønska hendingar, i hovudsak knytt til skred, flaum og auka havnivå. Kommunen må i si planlegging ta høgde for desse endringane og planleggje for å minimera skade på miljø, materiell og liv og helse.

Utgangspunktet for planlegginga må vera eit best mulig kunnskapsgrunnlag. Norsk

Klimaservicesenter (NKSS) har kome med oppdaterte rapportar på framskriving av endringar i klima og havnivå fram til år 2100. Desse er lagt til grunn for arbeidet i planen.

ENDRINGAR I TEMPERATUR

Framskrivning for temperatur syner ein forventta auke i gjennomsnittleg årsmiddeltemperatur i Noreg på omtrent 4,5 C i år 2100, på bakgrunn av det estimatet om størst utslepp av klimagassar (RCP 8.5).

Estimert temperaturendring for Vestlandet ligg lågare, med ei anslått endring på inntil 3,7 C.

Oppvarminga vil vera størst på vinter og minst om sommaren. Endring i temperatur vil ha liten innverknad på risiko for uønska hendingar og vil difor ikkje ha noko fokus i planarbeidet.

ENDRINGAR I HAVNIVÅ

Endringar i havnivå kjem i hovudsak av smelting av brear og innlandsis i tillegg til termisk ekspansjon av sjøvatn. Som ei motvekt til havnivåstigning er det for Osterøy estimert ei landheving på omtrent 1,6 mm pr år.

Framskrivinga byggjer på to ulike utsleppscenarior som gjer ei øvre og nedre estimat for havnivåendring (RCP 4.5 og RCP 8.5). Forventa maksimal havnivåstigning for Osterøy ligg 79 cm over dagens nivå.

Størst konsekvens får ein auke i havnivå når det fell saman med springflo og stormflo. Tidevatn med gjentaksintervall ein gong kvart 200 år aukar havnivået med 143 cm. Med størst auke i havnivåstigning vil dette gje eit mulig havnivå på 222 cm over dagens havnivå i Osterøy kommune. Dagens havnivå er målt ut frå gjennomsnittleg sjøvasstand siste 19 år (normalnull - NN1954) som er vist som kote 0 i kartgrunlaget.

Klimaendringane som følgje av eit varmare klima vil i tillegg føre til fleire lågtrykk og med det ein auke i frekvensen av stormflo. Det er estimert at det som i dag er ein 200års hending vil i tida fram til år 2100 kunne gjenntakast i inntil 40 av åra. Dette vil seie at det som i dag er ei 200års hending vil i tida framover vera ei 5års hending.

Auken i hyppighet av stormflo kombinert med auke i havnivå gjer at det må leggast føringar i planarbeidet som reduserar risikoen for uønska hendingar.

ENDRINGAR I NEDBØR

Ein auke i temperaturane i hav og luft vil føre til lågtrykksaktivitet og ein auke i nedbørmengdene. Framskrivingar syner at det for Osterøy kommune anslagsvis vil kome mellom 10 til 19 % auke i gjennomsnittleg årsnedbør. Denne nedbøren vil med stort sannsyn kome i korte intense periodar som vil auke faktisk nedbørmengd. Dei siste 40 åra har nedbørmengdene auka med vel 40%.

Det er intens nedbør i løpet av korte tidsrom som skapar dei fleste uønska hendingane, i fyrste rekkje flaum og skred. Fram til år 2100 er det estimert at nedbørmengdene kan auke med inntil 33 % i døgn med sterk nedbør. Dette gjer at risikoen for flaum og skredhendingar aukar.

Kulturminner og kulturmiljø

Kulturminner og kulturmiljø er rekna som ei ikkje fornybar ressurs. Dette gjer det svært viktig å forvalte desse på ein god måte for framtidige generasjonar.

Osterøy er ein kommune med mange spanande kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap av lokal-, regional- og nasjonal verdi. Kulturlandskapet med gardstun og einskildbygningar som lemstover, brakaløer og naust, bunde saman av landskapselement som steingardar, stabbegjerde, bakkemurar og vegfar er ein viktig del av Osterøy sin identitet og historie, og har stor opplevingsverdi. Småskala industriverksemd i kvar si bygd har hatt og har framleis stor verdi for Osterøy. Det er særleg tekniske kulturminne og verneverdige kulturlandskap og kulturmiljø som er spesielt. Begge er satsingsområde innanfor kulturminnevern både nasjonalt og regionalt i Hordaland. Noko kartlegging er gjennomført gjennom [SEFRAK-registeret](#) men dette er ikkje fullstendig og femner ikkje om alt. Likevel har kartleggingane høg verdig for forvaltning av areal i kommunen. Osterøy har utover SEFRAK-registeret ikkje kartlagt kulturminneressursane og vurdert korleis desse kan nyttast innafør satsingsområde som reiselivsnæring, utdanning, fysisk miljø, utvikling av attraktive tettstader, marknadsføring og identitetsskaping. Ein plan for kulturminne kan gjera det meir tilgjengleg for innbyggjarane, synleggjera verdiane. Kartlegging og planarbeid vil vere ein god kunnskapsbase, eit godt verkty for sakshandsaming og vil kunne styrka identiteten til og verdien av kulturminna.

Kulturminne og kulturmiljø i Osterøy kommune er i liten grad kommunal eigedom, men kommunen gjev støtte til vedlikehald og drift av enkelte. Kommunen har nokre sentrale miljø og anlegg og ein del mindre objekt kringom i bygdene.

Naturmiljø og -mangfald

Det er eit behov for meir kunnskap om miljø og naturmangfaldet i kommunen. Særleg i forvaltningssaker knytt til byggesak, plan og landbruk merkar ein utfordringar med stor spreiding og lite tilgang til kompetanse i organisasjonen. Utgreiing og kartlegging på området kan vere eit grep for betre og meir berekraftig forvaltning. Ein må også sjå desse områda i samanheng med konsekvensar av klimaendringane.

Relasjon til plan - Klima, miljø og energi:

KDP Klima og energi (Klima- og energiplanen)

Kommunedelplan for landbruk

Behov for plan:

Kommunedelplan for kulturminner er under utarbeiding.

Kommunen treng ein overordna, strategisk plan som fastset rammene for ønska utvikling. Dette skal løystast ved utarbeiding av Samfunnsplanen som vil sette mål, ambisjonar og retning for utvikling, investering og omstilling i høve til ei bærekraftig samfunnsutvikling.

Areal

SAMMANDRAG

- **Siste 5 år er det starta opp bygging av 33 bustadeiningar i året.**
- **Estimert folkevekst syner at det vil vera trong for over 1100 nye einebustadar fram til 2035**
- **Det vil verta færre hushald med foreldre og barn og fleire med par utan barn og åleinebuande i tida fram mot 2035.**
- **Mesteparten av større næringsområde ligg frå Rolland til Valestrand.**
- **769 daa næringsføremål er avsett i gjeldande KPA**

Kommuneplanen sin arealdel vart rullert med tema bustad, næring og fritidsbustad i 2011. Det vart lagt til rette for 595 daa til bustad (herav 380 nye daa), 188 daa til fritidsbustad og 612 daa til næring. Med moderat vekst har Osterøy nok areal til bustad utover planperioden. Mange område vert regulert med private reguleringsplanar. I kommuneplanen er det sett krav til områderegulering av Lonevåg (kommunesenter), Valestrand, Haus (områdesentra) og Åsheim (stort bustadfelt i tilknytning til Haus).

Tettstadsutvikling og lokalisering av tenester, handel og sørvis

For å fremje ei positiv utvikling er det viktig med funksjonelle og vitale tettstadar. Kommunen har eit spreidd busettingsmønster med fire områdesenter og fleire bygder. Lonevåg er det naturlege handelssentrumet i kommunen med relativt godt utval av butikkar, samt offentleg kommuneadministrasjon og andre tenester. I Lonevåg er det etterkvart press på bustadbygging og utvidingsareal for butikkar. I Valestrand legg forslag til områderegulering til rette for ei framtidretta utvikling med stor fleksibilitet i bruk av sentrumsføremål. Dette kan opne for god variasjon i

bustadar, handelslokale, næringslokale mm. Parkering er eit stor utfordring for Valestrand sentrum. Lokalisering av skule for Valestrand – Hauge området er under utgreiing og vil kunne avklarast i løpet av 2016. Med etablering av skulepaviljong i tilknytning til eksisterande barneskule vil der vere kapasitet i ytterligere nokre år. Der er i dag god barnehagedekning i området Valestrand-Hauge med offentleg og private barnehagar i Valestrand og kommunal barnehage på Hauge. Der er behov for utviding av barnehagekapasiteten i åra som kjem. Områdeplan for Valestrand opnar for at det kan løysast innafør eller i tilknytning til Valestrand sentrum. Ved ei større utbygging på Åsheim er det viktig at Haus er ein tettstad som kan ta i mot ein større folkeauke i høve til barnehage, skule og andre typar tenester, handel og sørvis.

Bustadareal

Ved vedtak av gjeldande kommuneplan var det omtrent **1117** daa ledig bustadareal i kommunen. Det var på dette tidspunktet **349** ledig bustadtomter. Dette utgjorde då ein ledig kapasitet for 30 år. Med eit anslag på omtrent 60 einingar i året så vil omtrent 1000 daa bustadareal sikre kapasitet i over 16 år i tillegg til eksisterande ledige bustadtomter. Realisering og fortetting gjennom planane for Lonevåg og Valestrand vil auke kapasiteten vesentleg. Det er lokale forskjellar i tilgang på ledig bustadareal. I Haus og Bruvik er det lite ledige bustadområde. Bruvik er ein av bygdene som har ein nedgang i folketalet. Meir tilgjengeleg bustadareal kan dempe denne nedgangen. I Haus er det avsett mykje areal til bustadføre mål (Åsheim) men det har så langt vist seg utfordrande å få realisert utvikling av området.

Tabellen under syner endringar i folketal og trong for nye bustadeiningar i perioden 2015 til 2035. Utgangspunktet i 2,42 personar pr hushaldning, som er snittet i kommunen i dag. Framskriving av bustadtypar byggjer på dagens tal og estimert auke. Dette syner at det for ein stor del vil vera einebustadar som er den domierande bustadtypen i kommunen. I snitt er det trong for 56 einebustadar i gjennomsnitt pr år i perioden 2015 til 2035. Ein del av dette vil kome gjennom eksisterande bustadmasse.

	2015	2020	2025	2030	2035	Differanse 2015-2035
Enebolig	2744	2969	3241	3547	3870	1126
Tomannsbolig	156	168	184	201	220	64
Rekkehus, kjedehus og andre småhus	269	291	318	348	380	111
Boligblokk	71	77	84	92	101	30

Figur 1. Framskriving av trong for bustad i kommunen i perioden 2015 til 2035. (Kjelde: HFK).

Rundt Lonevåg og Valestrand er det under etablering store bustadområde som sikrar ein god kapasitet dei næraste åra. I tillegg vil områderegulering av sentrum i Valestrand og Lonevåg sikre ytterlegare moglegheiter for fortetting med bustad og andre viktige føremål.

Reguleringsplan	Totale bueiningar	Antal tomter	Søkt bygd	Ikkje søkt bygd på	DATO
Rundhovde bustad	57	-	14 bueiningar	43	180815
Loftås B5-B9	100	61	5 tomter	95	180815
Fugledalen bustad	191	-	-	191	180815

Nedre Vikne	-	-	-	7 tomter	180815
Hjellvik bustadfelt	-	Ca 22	10	12	011015
Vevleheiane bustad	20	-	-	20	021015
Stuttåsen	36	-	-	36	-
Bruvik	42	-	-	42	-
SUM				446	

Figur 1. Reguleringsplaner som er vedtatt siden 2011 og oversikt over bustadareal. Eldre planer har ledige tomter men er ikkje tatt med i denne oversikta.

I reguleringsplanar vedtatt siste 4 år ligg det **446** ledige tomter. Med ein antatt trong for bustadar på rundt 60 pr år vil dette vera kapasitet for 7 år framover i gjeldande reguleringsplaner.

Næringsareal

Mesteparten av større næringsområde ligg frå Rolland til Valestrand. Det er eit fåtal større områder og mange mindre områder som ligg utanfor det som kan seiast å ha god infrastruktur. Dei fleste større næringsareala er under utvikling eller på planstadiet. Det vil såleis vera ein del tilgjengeleg næringsareal framover. Espevoll er eit stort næringsområde som var ferdig regulert gjennom områderegulering i 2012. Delar av området er klart for utbygging medan resten vil måtte detaljregulerast innan det kan byggast ut. Det pågår no forhandling om utbyggingsavtale og prosjektering av vegtilkomst til området er sett i gang. Vassforsyning og avløp er i hovudtrekk planlagt men må detaljerast gjennom VA-rammeplan. Området er avsett til plasskrevjande næring, kontor, lager, produksjon, mm.

Namn	Størrelse daa	Merknad
Espevoll	302	
Gloppemyra	80	Avsett til massedeponi
Oddalsmyra næringspark	65	Under opparbeiding
Småland	15	Under regulering.
Hamre	3	
Hosanger	22	
Saltverket	100	Nytt areal. Delar av arealet er eksisterande næring.
Holmane næring	15	Areal innvunne ved utfylling i eksisterande næringsareal.
Hanstveit	25	Tilgrensande trappefabrikken
Raudeberget industriområde	112	Tysse - utbygd
Revheimsvegen	8	
Svenheim	22	Perifert næringsområde.
SUM	769	

Transport og infrastruktur

Nye kommunikasjonar har skapt endra utbyggingsmønster og kortare avstandar. 1997 fekk kommunen brusamband til Bergen. Regulering av vegutbetring for fv 566 Vesetgjelet er til politisk handsaming for endeleg vedtak og vil betre vegsituasjonen mot Hannisdalslina, som vart opna i 2002. Ny fylkesveg med tunell mellom Hauge og Lonevåg vart ferdigstilt i 2011. Ferje til/frå Valestrand knyt

Osterøy saman med Norhordland og nordlig del av Bergen og arbeidsmarknaden der. Eventuell nedlegging av dette sambandet vil endre delar av infrastrukturen. God infrastruktur er ein nøkkelfaktor for ein positiv utvikling både med omsyn til folketal- og næringsutvikling. Regional transportplan set prioriteringar med tanke på fylkesvegnettet. Opparbeiding av gang- og sykkelstiar er ein sentral utfordring i dette. Det er viktig at kommunen spelar inn sine behov her. Tilstanden på det kommunale vegnettet er ikkje god og tilfredstillar ikkje dagens standard. Det er trong for mellom anna kartlegging av behov, prioritering av vedlikehald samt retningslinjer for overtaking av veg. Trafikksikring er ei viktig utfordring i samband med vegnettet. Ved å ha ein oppdatert trafikksikringsplan med prioriteringar stiller ein sterkare i kampen om midlar.

Strandsone og sjøareal

Strandsona har eit særleg vern i plan- og bygningslova. Kommunen har gjennomført eit kartlegging og verdsetting av strandsona. Denne ligg til grunn for ei differensiert forvaltning av strandsona. Store delar av strandsona er lite tilgjengeleg grunna bratt terreng. Dette aukar presset for utbygging av areal som bør settast av til føremål som sikrar ferdsel for ålmenta.

I kommunen sitt sjøareal er det ulike aktivitetar innan havbruk, fritid, trål, farled mm. Kommunen har høg aktivitet innan havbruk og særleg produksjon av aure. Der er utfordringar knytt til lokalitetar i høve til forureining, smittefare, interessekonflikt mellom næring og fritidsinteresser som ferdsel og fiske i sjø osv.

Relasjon til plan:

Kommuneplanen sin arealdel

Ny kommunedelplan for sjø- og strandsona er under utarbeiding.

Områderegulering for Valestrand sentrum

Andre private og offentlege arealplanar

Trafikksikringsplan

Behov for plan:

- Kommunen treng ein overordna, strategisk plan som fastset rammene for ønska utvikling. Dette skal løystast ved utarbeiding av Samfunnsplanen som vil leggje føringar for forvaltning av areal i kommunen.
- Områderegulering for Lonevåg sentrum
- Områderegulering for Haus og Åsheim
- Kommunal vegnorm
- Transportplan

VURDERING KOMMUNEN SITT PLANSYSTEM

Kommunen har framleis eit noko lite strukturert plansystem, men der har vore ei utvikling etter siste planstrategi. Gode diskusjonar og auka fokus på plansystem, planarbeid og planar i administrasjonen og politisk bidrar til å heve kompetansen rundt planlegging. Planlegginga i kommunen har fått auka fokus på mål, retning og måloppnåing med tilgjengelege ressursar.

Førebels er der ikkje på plass overordna føringar i høve til kva planar kommunen skal ha og kvar i hierarkiet dei høyrer heime.

Som eit prinsipp bør planlegginga byrja med ein solid overordna plan, kommuneplanen, og andre planar bør ha sin legitimitet i overordna plan.

Det er svært viktig å få på plass ein god og oversiktleg måte å kople planane sine prioriteringar / handlingsdel opp mot årleg arbeid med økonomiplan og budsjett.

Oppbygging av kommunen sitt plansystem:

KOMMUNEPLAN	KOMMUNEDELPLAN	TEMAPLANAR	HANDLINGSDEL MED ØKONOMIPLAN
Visjon og satsingsområde	Utdjuping / detaljering av kommuneplanen	Konkretisering	Prioritering og ressursar
<ul style="list-style-type: none"> Satsingsområde Hovudtrekk samfunnsutvikling og arealbruk 	<ul style="list-style-type: none"> Bestemt geografisk- eller verksemdsområde eller tema Samfunns- eller arealplan for eit område av kommunen 	<ul style="list-style-type: none"> Hovudmål og delmål for fagområde / tema Prioritering av tiltak 	<ul style="list-style-type: none"> Revisjon og oppfølging av vedtekne mål, herunder planar med handlingsdel Prioritering innan sektor eller eining Retning for budsjett og investeringar

Eksempel på konkretisering av kommuneplanen:

KDP Samfunnsutvikling	KDP Teknisk	KDP Kommuneorg	KDP Kultur	KDP Oppvekst	KDP Omsorg
Beredskap	Vatn	Arbeidsgjevar politikk	Kultur	Skule	Institusjon
Infrastruktur	Avløp	HMT	Fysisk aktivitet	Barnehage	Bustad
Næring	Renovasjon	Kompetanse	Friluftsliv	Integrering	Sosialteneste
Biologisk mangfald	Trafikktryggleik	Opplæring	Idrett	Helsestasjon	Psykisk helsevern
Landbruk	Veg	IKT	Kulturminner	Barnevern	Heimetenesta
Utbygging	Bygningsvedlikehald		Lokaler	Anlegg	Rusarbeid
Eigedom	Brann / redning		Nærmiljøanlegg	Læring	
GIS	Opprusting vegar			Kvalitet	

For mange kommunedelplanar og temaplanar vil det vere hensiktsmessig å slå saman fleire tema for å få gode, samasette og heilskapelege planar som er tilgjengelege for organisasjonen og andre å nytta.

For nokre tema vil ei melding, notat, utgreiing vere tilfredsstillande for å løyse oppgåver og ha god styring.

Dersom ein plan skal ha formell status som kommune(del)plan skal utarbeiding, høyring og vedtaksprosess fastsett i lov (Plan- og bygningslova kap11). Dette inneber også årleg revisjon av handlingsdel til vedtekne kommune(del)plan.

Temaplanar har ingen formelle krav til utarbeiding og handsaming. For at innbyggjarane og andre offentlege instansar skal kunne delta i prosessen bør kommunen i dei fleste tilfeller legge opp til ein prosess som i hovudsak følgjer prinsippa som for kommune(del)planar. God medverknad og inkluderande prosessar gir eigarskap og brei forankring av planane som igjen aukar bevissthet rundt dei og einigheit og aksept til å følgje dei opp når det kjem til prioriteringar. Dette gjeld både for administrasjon, politikarar, innbyggjarar og andre aktørar.

Vurdering

Ettersom samfunnsplanen er under utarbeiding vil det i løpet av denne prosessen verte tydeligare kva for planar kommunen har behov for samstundes som dei påbegynnte drøftingane om oppbygging og struktur i plansystemet til kommunen vil halda fram. Gjennom prosessen for samfunnsplanen vil fokus- og satsingsområde bli definert og kan danne utgangspunkt og grunnlag for andre planar. Etter vedtak av samfunnsplanen kan det vere hensiktsmessig å revidere den kommunale planstrategien for å konkretisere oppbygging av plansystemet (planhierarkiet). Eit tilgjengeleg og oversiktleg plansystem vil kunne bidra til at arbeidsprosessar og informasjonsflyt fungerer betre.

Det er naturleg å nytta planprosessane til å bygge opp under og utvikle plankompetansen i organisasjonen, både politisk og administrativ del, og hjå samfunnet elles. At innbyggjarar og samfunnsaktørar som næringsliv, lag og organisasjonar har kjennskap til, engasjerer seg og bidrar inn planprosessane er svært viktig i høve til forståing av prioriteringar og det og kunne dra saman mot felles mål for utvikling av samfunnet.

STATUS FOR PLANARBEID FRÅ FØRRE PLANSTRATEGIPERIODE

Oversikta under er oppdatert i høve til venta framdrift. Fleire planar er forsinka og dette har ringverkandar for oppstart av andre planar. I 2012 var komunal planstrategi eit nytt verkty i plan- og bygningslova (PBL). Organisasjonen var ukjend med verktøyet og hadde til dels lite oversikt over gjeldande planverk. Fire år etter har ein med seg nokre erfaringar inn i ny prosess og ein vurderer at det må være større fokus på å ferdigstille prosessar før ein set i gang nytt planarbeid. På denne måten kan ein få konsentrert ressursane og nytta dei meir hensiktsmessig.

Endring er omtala under merknad, svart kryss syner planlagt oppstart ved vedtak av førre planstrategi. Raud kryss syner igangsett planarbeid.

Plan	Merknad	2012	2013	2014	2015	2016	Ikkje starta
Kommuneplanen							
Kommuneplanen sin samfunnsdel	Under arbeid		X	X			
Kommuneplanen sin arealdel	under arbeid - Mindre justering		X		X		
Kommunedelplanar							
Kdp helse, omsorg og sosial	Vedteken	X					
Kdp vassforsyning	Vedteken						
Kdp oppvekst	Under arbeid		X			X	
Kdp strandsone og kystsoneplan	Under arbeid			XX			
Reguleringsplanar							
Valestrand	Under arbeid						
Lonevåg	Stadanalyse utarbeida		X			X	
Haus	Ikkje påbyrja			X			X
Åsheim	Ikkje påbyrja			X			X
Temaplanar							
Vedlikehald av kommunale bygg	Ny – kartlegging ferdig	X			X		
Kommunale vegar	Ny – kartlegging ferdig		X			X	
Trafikksikringsplan	Vedteken		X				
Skogsbilvegar	Ikkje påbyrja			X			X
Avlaup	Ikkje påbyrja			X			X
Strategiplan for SMIL	Ikkje påbyrja			X			X

Plan	Merknad	2012	2013	2014	2015	2016	Ikkje starta
Næringsplan	Ikkje påbyrja – avventar Samfunnsplanen			X			X
Kulturminneplan	Under arbeid – løyvd midlar frå fylkeskommunen				XX		
Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	Under arbeid			XX			
Plan for Familiens Hus	Avventar KDP oppvekst		X				X
Spesialpedagogiske tiltak	Avventar KDP oppvekst			X			X
Overgangsplan mellom skule & bhg/ skule- vgs	Under arbeid - Avventar KDP oppvekst	XX					
Skulebruksplan	Ferdig rapport	X					
Plan for kulturskule	Under arbeid			X	X		
Smittevernplan	Vedteken 2013	X					
Ruspolitisk handlingsplan	Vedteken 2013	X					
Demensplan	Under arbeid	X		X			
Plan for psykiatri (Temaplan for psykisk helse og rus)	Vedteken 2015		X				
Habilitering og rehabilitering	Ikkje påbyrja - Rullering				X		X
Lønsutviklingsplan	Under arbeid	X			X		
Seniorpolitisk	Ferdig 2014			X			

Av 33 planar som var planlagt igangsett i inneverande planperiode er 9 ikkje starta opp, 3 av desse avventar retning i overordna plan før igangsetting. 8 planar er vedtekne/ferdig. 13 er under arbeid.

Lønnspolitisk plan – erstatter lønnspolitisk plan, lønsutviklingsplan, personalpolitisk plan og seniorpolitisk plan. Denne er under arbeid.

IA handlingsplan (inkluderende arbeidsliv) – utgangspunkt i samarbeidsplan om inkluderende arbeidsliv – ferdig handsama i AMU.

PRIORITERTE PLANOPPGÅVER 2016 -2020

Overordna risiko- og sårbaranalyse (KommuneROS) og Kommunal beredskapsplan

Dette arbeidet har lagt i kø ei stund og har høg prioritet i denne perioden. Etter tilsyn i 2013 vart det avdekka avvik og manglar i høve til overordna risiko og sårbaranalyse og beredskapsplanlegging i kommunen. Fylkesmannen i Hordaland varsla i brev om pålegg i 2015. Det er viktig å få gjennomført analysane for samfunn, sektor og fagområde for å sikre at ein har rett kunnskapsgrunnlag på plass i samband med td. beredskapsplanlegging og samfunns- og arealplanlegging samt for å sikre at kommunen gjer rette tiltak og prioriteringar for å redusere risiko og konsekvens av uønska hendingar. Uønska hendingar og sårbarheit kan knytte seg til infrastruktur, epidemi, klima mm.

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Samfunnsplanen er under utarbeiding. For å handsame utfordringane kommunen vil møte i framtida er det viktig å få på plass eit overordna, tydeleg og styrande verkty med mål, visjonar og strategiar som viser retning for korleis kommunen skal prioritere tilgjengeleg ressursar på kort- og lang sikt. Kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon skal vurderast. Samfunnsplanen skal ha ein handlingsdel som skal sikre gjennomføring og oppnåing av mål og tiltak. Ettersom handlingsdelen skal rullerast årleg (heimel PBL §11-1). Det kan vere teneleg at revisjon av handlingsdelen vert utført saman med arbeidet med økonomiplan.

Kommuneplanen sin arealdel

Gjeldande kommuneplan vart vedteken i 2011 med temarullering for bustad, fritidsbustad og næring. At det er meir enn fire år sida vedtak av planen inneber at Heradstyret ikkje kan delegere vedtak av detaljreguleringar lengre men sjølv må gjere endelegvedtak. Ved vedtak i 2011 var der ein del teknisk feil i plankartet. I samband med prosess for Sjø- og strandsoneplanen vert dette retta opp. Dette vert gjort ved å kjøre ein enkel prosess for kommuneplanen sin arealdel for retting av feil samt at heile plankartet og føresegn vert vedtekne både for Sjø- og strandsoneplanen og for kommuneplanen sin arealdel. På denne måten unngår ein å måtte sakshandsame plan og byggesaker med to sett plankart og føresegn.

Der har vore eit sterkt ønske politisk for å finne ei løysing i høve til dispensasjonar på fråskilte eigedomar i område sett av til LNF (landbruk). Dette kan vere mindre endringar som søknad om fasadeendring og liknande eller større inngrep som oppføring av til dømes garasje. For å kunne opne for dette i kommuneplanen sin arealdel (KPA) krev plan- og bygningslova at det vert sett av føremål (td. LNF-spreitt) med tilhøyrande føresegn som opnar for desse tiltaka. Ei justering av KPA for å løyse dette vil krevje same prosess som for avsetting av andre typar byggeføremål. Dette vil innebere kartlegging og gjennomgang av område med fråskilte eigedomar i område sett av til LNF og med tilhøyrande KU-vurdering og ROS. Rådmannen vurderer at dette ikkje er rett ressursbruk for denne perioden og at det ikkje bør vere ei prioritert oppgåve. Det er viktig å få på plass innleiande kartleggingar og kunnskapsgrunnlag for å kunne fastsette hovudgrep for infrastruktur og arealbruk fram til rullering av KPA. Først og frems bør ein få på plass Samfunnsplanen med tilhøyrande arealstrategiar og gjennomføre overordna risiko- og sårbaranalyse som vil vere føreande for arbeidet med rullering av KPA. Etter det ser ein for seg at planar for overordna infrastruktur som transportplan og avløpsplan samt ein temaplan / forstudie for bruk og handsaming av massar er

nyttig kunnskap å få på plass i forkant av rullering av KPA. Ein masseplan kan verte viktig i høve til K5 prosjektet med ny E16 og toglinjer for å kunne sette av areal som kan ta i mot og nytta massane til nytt byggeland eller landbruksareal.

Områderegulering av Valestrand, Lonevåg, Haus og Åsheim

I KPA er det sett krav om områderegulering av Valestrand, Lonevåg, Haus og Åsheim. Valestrandplanen skal til endeleg vedtak hausten 2016. Etter dette er Lonevåg prioritert oppgåve. Avhengig av ressursar til planavdelinga vil ein etter kvart kunne gå i gang med planarbeidet for Haus og Åsheim.

Kommunedelplan for sjø- og strandsona

Pågåande planarbeid. Sjø- og strandsonen har vore ute til første gongs høyring og offentleg ettersyn. Det er lagt opp til at planen skal vedtakast i 2017.

Kommunedelplan for oppvekst

Planarbeidet er i tidleg fase der ei tverrfagleg arbeidsgruppe er i gang med ferdigstilling av planprogram som skal på høyring til hausten. Ein vurderer at det er teneleg at planarbeidet i hovudsak følger prosessen til Samfunnsplanen slik at prosessane kan dra vekslar av kvarandre. Det er uansett naturleg at Oppvekstplanen følger mål retningar som vert fastsett i prosessen til Samfunnsplanen.

Kommunedelplan for avløp

Er prioritert oppgåve i perioden. Det er stort behov for å få fastlagt trasè og fastsette hovudgrep for å kunne gå vidare i arbeidet med utbetring av avløpssystemet til kommunen. Ein vil gjere ei hensiktsmessig justering av delar av kommunedelplan for vassforsyning i samband med planarbeidet.

Kommunedelplan for transport

Ein overordna transportplan der ein får fastsett hovudgrep for infrastruktur knytt til transport i kommunen er vurdert som eit viktig forarbeid og kunnskapsgrunnlag til rullering av kommuneplanen sin arealdel. Transportplanen må også ta med seg hovudinfrastruktur for mjuke trafikantar og vurdere alternativ persontransport for jobb- og nyttereiser.

Saman med plan for avløp og vassforsyning vert desse førande for avsetting av utbyggingsføre mål i arealdelen.

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet

Ein vurderer å utvide område for planen til å inkludere eit breiare felt som kan likestille fleire sosiale areanaer som er med på å bygge opp under betre folkehelse og som synleggjer heilskapen innafor området. Til dømes kan det vere **kommunedelplan for kultur, friluftsliv og fysisk aktivitet**. Ein ser for seg at viktige område som bør sjåast i samanheng for å sikre styrt fordeling av ressursar er bibliotek, museum, nettverk og opparbeiding av rekreasjonsområder, idrett, kulturskule mm. Ein vil drøfte dette vidare ved oppstart av planarbeidet.

Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial

Planen vart vedteken i 2013 og er vurdert som eit godt verkty. Ein vurderer at det ikkje er behov for rullering av HOS-planen før Samfunnsplanen er ferdig. Innafor området til HOS-planen er der behov for rullering og utarbeiding av nokre temaplanar som td. plan for habilitering og rehabilitering og bustadsosial handlingsplan. Ruspolitisk handlingsplan hadde oppstart i 2015. Ein har i arbeidsgruppa (politisk og administrativ) drøfta å slå saman Temaplan for psykisk helse og rus med Ruspolitisk handlingsplan. Dette er vurdert som hensiktsmessig ettersom dei to planane overlappar kvarandre. Ved å samle områda i ein plan kan ein få ein meir tverrfagleg temaplan som ser problemstillingar og utfordringar i heilskap og samanheng. Ein vil i perioden prioritere dette arbeidet.

Kommunedelplan for klima og energi

Planen vart vedteken i 2011 og er vurdert som ein god plan. Der er utfordringar knytt til eigarskap og kjennskap til planen og innhaldet, då særleg handlingsdelen. Ein trur at for stor bredde i ansvarsområde kan vere medverkande til at den ikkje er godt kjend i organisasjonen og kommunesamfunnet. I samband med oppstart av arbeidet med samfunnsplanen er der kome innspel frå fylkeskommunen å innarbeide Klima- og energiplanen i denne. Dette er ein ikkje sikker på er ei god løysing ettersom Samfunnsplanen skal sjå på dei store linjene med målsettingar, medan Klima- og energiplanen er svært detaljert både i planskildding og handlingsdel. Ei betre løysing er kanskje å arbeide for å heve kompetanse og kunnskap om innhaldet i planen og auke fokus på den i samband med arbeid med Økonomiplan.

SKJEMATISK OVERSIKT OVER PRIORITERTE OPPGÅVER 2016 - 2020

Under er ei skjematisk oversikt over når prioriterte planoppgåver skal settast i gang. Lista er ikkje uttømmende då andre planar kan verte prioritert av ulike omsyn. Særleg arbeidet med Samfunnsplanen kan påverke dette eller td. endringar i lovverk ol. X markerer formell oppstart, prioritet er vist i høg (h), middels (m) og låg (l).

Prioritet	plan	merknad	2016	2017	2018	2019	2020
h	Overordna ROS	NB. Varsel om pålegg etter tilsynssak -FMHO	x				
h	Beredskapsplan	NB. Varsel om pålegg etter tilsynssak -FMHO	x				
Kommuneplan							
h	Samfunnsplan	Ny – under arbeid					
m	Kommuneplanen sin arealdel	Rullering			x		
Kommunedelplanar							
h	KDP Avløp	Med justering av vassforsyning		x			
m	KDP Transport	Avhengig av ressursar		x			
l	KDP Kulturminner	Ny – under arbeid					
h	KDP Oppvekst	Ny – under arbeid					
l	KDP Helse, omsorg og sosial (HOS)	Revisjon					x
l	KDP Kultur, friluftsliv og	Ny				x	

	fysisk aktivitet						
m	Plan for massehandsaming	KDP, temaplan eller forstudie. *		x			
Reguleringsplanar							
h	Områderegulering Lonevåg		x				
m	Områderegulering Haus	Vurdert som hensiktsmessig å regulere under eitt eller parallell prosess				x	
m	Områderegulering Åsheim					x	
Prioritet	plan	merknad	2016	2017	2018	2019	2020
Temaplanar							
m	Temaplan for psykisk helse og rus med handlingsplan (inkluderer Alkoholpolitisk handl.plan)	Under arbeid - Samanstilling og revisjon av dei to planane.					
	Temaplan for demens	Ny – under arbeid					
m	Temaplan for habilitering og rehabilitering	revisjon			x		
m	Temaplan for integrering	Ny - avventar Samfunnsplanen					
m	Temaplan for skogsbilvegar	Sjååast i samanheng med plan for massar					
h	Temaplan mot vald	Ny – med handlingsdel		x			
Andre planar – strategi, verksemds- og driftsplanar, mm							
m	Forvaltningsplan for hjortevilt	Ny – under arbeid					
h	Smittevernplan	revisjon	x				
m	Organisasjonsplan	revisjon		x			
h	Arkivplan	Under arbeid - revisjon					
m	Frivilligheitsstrategi	Under arbeid					
m	Strategiplan for SMIL	Revisjon		x			
m	Vedlikehald kommunale bygg	Driftsplan - årleg revisjon					
m	Vedlikehald kommunale vegar	Driftsplan - årleg revisjon					
h	Kommunal vegnorm	Under arbeid					

* Masseplanen må sjåast i samanheng m K5 prosjektet m ny E16 og toglinje i høve potensiale for nytte av massar frå prosjektet. Planen må og sjå nytte av massar til skogsbilvegar og forbetringar knytt til landbruksareal . Lokaliseringsmoglegheiter for alle typar massar.

Det kan vere andre tema/planar som vil verte aktuelle i komande planperiode som ikkj er sett opp i matrisa. Dette kan vere slamplan, forvaltningsplan for grågås, plan for vaksenopplæring, kompetanseutvikling samt ulike driftsplanar.

Vidare er det behov for å få på plass Arbeidsgiverstrategi/HR-strategi, rekrutteringsstrategi (revidering av rekrutteringsreglement, antatt start i 2016), overordna kompetanseplan (antatt start i 2016), overordna HMS/HMT plan og streikeberedsskapsplan.

OVERORDNA FØRINGAR FOR KOMMUNEN SI PLANLEGGING

Nasjonale forventningar

Vedtatt i kongelig resolusjon 12.juni 2015.

«Ved å samordne arealbruk og transport kan vi sikre god ressursutnytting. Samtidig må vi sørge for at det blir bygd nok bustader, og at alle har gode levekår. I åra som kjem blir det også viktig å leggje til rette for auka verdiskaping, og innovasjon og vekst i nye og grønne næringer.

Planlegging etter plan- og bygningslova er ein viktig felles arena for å møte desse utfordringane. Kommunane og fylkeskommunane har sentrale roller som utviklingsaktør og planstyresmakt i arbeidet for eit sikkert, vekstkraftig og miljø- og klimavennleg samfunn».

Forventingane er sentrert rundt sju tema:

- Fylkeskommunane og kommunane baserer planforslag og avgjerder på eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag, og sikrar nasjonale og viktige regionale interesser.
- Fylkeskommunane og kommunane sikrar samtidig tidleg medverknad og involvering av publikum, relevante styresmakter, partar og interesseorganisasjonar.
- Fylkeskommunane styrkjer regionalt planforum som arena for tidleg avklaring av interesser og konflikter i plansaker, slik at viktige omsyn blir tekne hand om, og slik at ein avgrensar mengda motsegner. Kommunane nyttar regionalt planforum aktivt. Fylkesmannen, andre statlege styresmakter, fylkeskommunen og Sametinget prioriterer deltaking i planforum, og kjem med tydelege signal om kva som er nasjonale og viktige regionale interesser i dei enkelte sakene.
- Fylkesmannen, andre statlege styresmakter, fylkeskommunane og Sametinget legg vekt på det lokale sjølvstyret. Motsegn skal berre fremjast når det er nødvendig for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser, og når tidleg dialog ikkje har ført fram.
- Kommunane tek i bruk moglegheitene som ligg i plan og bygningslova for prioriteringar og forenklingar. Kommunane oppdaterer overordna planar, unngår fleire plannivå enn nødvendig, sørger for tenleg detaljering og tek i bruk moglegheitene for parallell plan- og byggjesaksbehandling.
- Kommunane sikrar effektiv behandling av private planforslag og bidreg til god plankvalitet ved å gi tidlege, tydelege og relevante krav til utgreiingar og dokumentasjon.
- Fylkeskommunane og kommunane sikrar enkel tilgang til digitale plandata gjennom bruk av digitalt planregister og tek i bruk verktøy for digital plandialog og plan- og byggjesaksbehandling.

Regionale føringar

Hordaland fylkeskommune held på med prosess for utarbeiding av regional planstrategi. Kommunen vil få meir informasjon om kva fylkeskommunen vil prioritere av planarbeid når regional planstrategi skal på høyring og offentleg ettersyn (handsaming i fylkestinget i mai 2016). I førre runde med utarbeiding av kommunal planstrategi la fylkeskommunen vekt på mellom anna klima og energi, folkehelse, universell utforming, senterstruktur og lokalisering av service og handel, areal- og transportplanlegging, landskap, strandsona, samferdsle og infrastruktur, kulturminne og kulturmiljø, idrett og friluftsliv, næringsutvikling, havbruk, kompetanse/opplæring.